



Majo Egedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1392 - 18/38166

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2018

Mellombels bruksløyve - gbnr 141/78 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 693/18

Tiltakshavar: Majo Egedom AS

Ansvarleg søkjar: Majo Egedom AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.05.2018.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Grusing og ferdigstilling av utomhusarbeid
2. permanent sikring, rekkverk på terrasser

Det går fram av søknad om mellombels bruksløyve at dokumentasjon på at permanent rekkverk på terrasse er montert og arbeid knytt til brannmeldingsanlegg var utført innan 14.12.2018 skulle sendast kommunen. Stadfesting er motteke den 20.12.2018.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: tomannsbustad.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.05.2018

Det vert elles vist til søknad motteken .

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.



Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Tomannsbustad
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	136 m ²
Avløp:	offentleg
Vatn:	offentleg
Tal på røykløp:	2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad på gbnr gbnr 141/78 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.05.2019.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1392

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ